

Læreplan i Vg3 økologisk landbruk

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 6. mai 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 økologisk landbruk handlar om jordkultur, planteproduksjon og husdyrhald baserte på økologiske prinsipp. Faget skal utvikle forståing av dei miljø- og klimautfordringane samfunnet står overfor. Faget skal òg bidra til å auke forståinga av økologiske driftsformer og gi elevane kompetanse til å arbeide innanfor både økologisk og konvensjonell drift.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 økologisk landbruk skal bidra til at elevane tenkjer kritisk om korleis vi produserer mat, og korleis ulike produksjonsmåtar påverkar naturen. I arbeidet med faget skal elevane utvikle respekt for naturen og miljømedvit. Faget skal òg leggje til rette for at elevane kan utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng i arbeidet med utvikling av berekraftig matproduksjon.

Kjerneelement

Idégrunnlag og rammevilkår for økologisk landbruk

Kjerneelementet idégrunnlag og rammevilkår for økologisk landbruk handlar om det idémessige grunnlaget for økologisk landbruk og grunnprinsippa for praktisk økologisk landbruksproduksjon. Vidare handlar kjerneelementet om politiske mål, verkemiddel, regelverk, omsetning og marknad. Kjerneelementet handlar òg om ulike retningar innanfor økologisk landbruk.

Prinsipp for jord og gjødsling

Kjerneelementet prinsipp for jord og gjødsling handlar om generell jordøkologi, jordstruktur og faktorar som aukar det biologiske mangfaldet og bindinga av karbon i jord. Det handlar òg om gjødseltypar, gjødselplanlegging og optimal gjødslingspraksis med tanke på minimale tap av næringsstoff. Vidare handlar kjerneelementet om planlegging av vekstskifte med tanke på næringsforsyning og humusoppbygging.

Økologisk plantekultur og husdyrhald

Kjerneelementet økologisk plantekultur og husdyrhald handlar om å gi optimale forhold for kulturvekstane og å leggje størst vekt på førebyggjande tiltak for å regulere sjukdommar, skadedyr og ugras. Kjerneelementet handlar òg om husdyrhald med vekt på naturleg åtferd, fôring i tråd med det som er naturleg for arten, fôrplanlegging og tilpassing av husdyrrom.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling

I vg3 økologisk landbruk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om at drifta i størst mogleg grad skal baserast på fornybare ressursar og innsatsmiddel som ikkje skadar livsmiljøet. Berekraftig utvikling handlar òg om å ha ei føre-var-haldning i alle delar av drifta. Vidare handlar berekraftig utvikling om kunnskapsutvikling når det gjeld å forvalte ressursgrunnlaget for kommande generasjonar. Temaet omfattar både dei økologiske, dei økonomiske og dei sosiale sidene av landbruksproduksjon i eit lokalt og eit globalt perspektiv. Det handlar om å tryggje produksjonsgrunnlaget og sikre rettferdig fordeling av maten til verdas befolkning.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 økologisk landbruk inneber å delta aktivt i faglege diskusjonar, lytte, forklare og grunngi prinsipp for økologisk landbruksproduksjon og beskrive produksjonsmetodar for ulike målgrupper. Det inneber å bruke fagomgrep i drøfting av og refleksjon over faglege emne, å grunngi val av produksjonsmetode og å tilpasse kommunikasjonen til mottakar og formål.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 økologisk landbruk inneber å utarbeide planar og dokumentasjon for garden og for enkeltproduksjonar. Det inneber òg å presentere prosessar og produkt skriftleg og å dokumentere i samband med kvalitetssystem for landbruket og for økologisk landbruk spesielt. Vidare inneber det å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 økologisk landbruk inneber å bruke og forstå planar, arbeidsinstruksar, brukarretteiingar og regelverk knytte til produksjonen. Det inneber òg å finne og vurdere faglitteratur og tileigne seg kunnskap om faget i offentlege debattar.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 økologisk landbruk inneber å bruke tal og utrekningar til driftsplanlegging og analyse av produksjonar. Vidare inneber det å rekne ut næringsbalanse og utarbeide og forstå tabellar, diagram og statistikk.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 økologisk landbruk inneber å bruke digitale ressursar for å finne fagstoff og tolke og vurdere dette. Vidare inneber det å presentere produkt og produksjonsprosessar, leggje til rette for rekneskapsføring og hente inn og utveksle informasjon. Det inneber òg å bruke programvare for å følgje opp husdyrbesetninga, å hente vêrobservasjonar og å bruke digitale kart og instrument for å planleggje optimal produksjon. I tillegg inneber det å utvikle etisk medvit og å vise digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 økologisk landbruk

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- stille husdyr og tilpasse husdyrrom i samsvar med naturleg åtferd hos husdyr og regelverk for økologisk landbruk
- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere ein landbruksproduksjon ut frå hovudprinsippa for økologisk landbruksproduksjon
- gjere greie for idégrunlaget for økologisk landbruk og vurdere dette i eit miljø- og klimaperspektiv
- beskrive og vurdere politiske mål, politiske verkemiddel og regelverk for økologisk landbruk
- vurdere marknaden for økologiske produkt, og planleggje og utføre sal av eit produkt
- planleggje, gjennomføre og vurdere bruk av ulike gjødselskjelder for ei økologisk driftseining
- greie ut om generell jordøkologi og funksjonen til viktige jordorganismar og kva innverknad dei har på jordsmonnet, og vurdere jordprofil ut frå dette
- treffe tiltak for å auke det biologiske mangfaldet og bindinga av karbon i jord, og beskrive omsetninga av organiske og uorganiske stoff i jord
- beskrive kva faktorar som påverkar biologisk nitrogenfiksering hos belgvekstar, og rekne ut mengda nitrogen som belgvekstane tilfører
- planleggje vekstskifte for eit økologisk gardsbruk med sikte på optimal effekt på jordstruktur, binding av karbon, næringsforsyning og plantevern
- planleggje og utføre førebyggjande og direkte tiltak for å regulere ugras, skadedyr og plantesyjukdommar i økologiske kulturar og vekstskifte

- bruke, halde ved like og tilpasse maskiner og reiskapar i økologisk planteproduksjon, og lage ein mekaniseringsplan for ein økologisk gard
- lage ein driftsplan for økologisk drift på eit gardsbruk i eit heilskapleg, langsiktig perspektiv

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget vg3 økologisk landbruk når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget vg3 økologisk landbruk. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i programfaget vg3 økologisk landbruk ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i programfaget vg3 økologisk landbruk basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Vg3 økologisk landbruk: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Eksamen for elevar

Vg3 økologisk landbruk: Eleven kan trekkjast ut til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Eksamen for privatistar

Vg3 økologisk landbruk: Privatisten skal opp til ein skriftleg og ein munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.